

Søknad til NOKU 10. februar 2025

VOSS HERAD NOREGS KULTURKOMMUNE 2025







Voss herad

Til Norsk kulturforum (NOKU)

Voss herad søker med dette om å verta Noregs kulturkommune 2025

Politisk vedtak

Utval for kultur og næring i Voss herad gjorde følgjande vedtak 28.1.2025 i sak 07/25:

For å synleggjera og stimulera det kreative, inkluderande og ambisiøse kulturlivet på Voss, søker Voss herad om å bli Noregs kulturkommune 2025.

I denne søknaden vil me presentera Voss herad sine satsingar på kulturfeltet. Mykje av Voss herad sine kulturtenester er eit resultat av eit tett hopehav med det profesjonelle- og frivillige kulturlivet. Dette vert løfta fram i søknaden. I ein kommune som Voss er kulturlivet så omfattande at det vert for stort å synleggjera alt. Me har difor valt å avgrensa søknaden til å gjelda dei viktigaste tiltaka og satsingane der Voss herad har ei rolle.



Voss herad

Lyden av Voss

En visuelt vakker og auditivt nyskapende kortdokumentar der Voss blir hovedperson. De lokale filmskaperne har tidligere vist evne til å formidle vangen, landskapet og vossingene på film. Musikken er spesialkomponert av svært dyktig lokal filmkomponist.

Lasse Gallefoss

Velkommen til kulturbygda vår!
Set deg godt til rette og nyt

Lyden av Voss



Foto: Ekstremsportveko




Innholdsliste

Voss i tal	6
1. Kulturkraft - kulturkommunen Voss	7
2. Voss - Bygd for alle	15
3. Ung på Voss	20
4. Festivalar, kulturformidling og arenautvikling	24
5. Tradisjon og nyskaping	30
6. Kultur som ytringar	34
7. Frivilligheita og lagslivet	37
8. Idrett og friluftsliv	40
9. Kulturframtida på Voss	42




Voss herad

Kultursektoren, kommune korrigerte brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)



Korrigerte brutto driftsutgifter per innbyggjar (386)
Kommunale kulturbygg (B)



Voss i tal

Voss ligg i Vestland fylke. I nord grenser me til Vik, i øst mot Aurland og Ulvik, i sør mot Ullensvang og Kvam og i vest mot Vaksdal. I 2020 vart kommunane Voss og Granvin slått saman.

Område: 1 806 km²

Folketallet: 16 423 (2024)

Netto innflytting: 307 (2023)

Forventa folketal 2030: 17 005

Tal som bur på gard: 20 %

Tal hytter: 3580

2023 var dei viktige kostratala slik

Variabel	Verdi	Kostragruppe 7
Netto driftsutgifter til kultur pr innbyggjar	3 787 kroner	2 635 kroner
Utgift til kultur av totalbudsjett	4,8 %	3,6 %
Driftsresultat samla (netto)	-0,6 %	
Del elevar i kulturskulen	17,6 %	13,3 %
Aktivitetstilbod barn og unge, pr innbyggjar	309 kroner	296 kroner
Netto driftsutgifter bibliotek pr innbyggjar	403 kroner	327 kroner



1. Kulturkraft - kulturkommunen Voss

Voss herad sin visjon er å vera eit sterkt regionsenter med levande grender. I kommuneplanens samfunnsdel vart visjonen forankra i forståinga av at Voss er ei kulturygd, der tradisjon og utvikling går hand i hand. Visjonen vart vidareutvikla i samband med utarbeidning av Kulturkraft - temaplan for kultur 2024.

*På Voss er kulturlivet krafta som sikrar eit sterk regionsenter
og levande grender*

Føremålet med kulturpolitikken i Voss herad er at alle skal ha fridom og høve til å leva fullverdige, meiningsfulle liv, og vera med å utvikla sitt eige lokalsamfunn. Alle skal oppleva eit mangfoldig, raust og inkluderande samfunn, og ha tilgang til å kunna delta i kunst, kultur, idrett og friluftsliv heile livet.

Voss herad er ein aktiv samarbeidspartner for kulturlivet. Kulturforvaltinga legg til grunn at samarbeidet mellom heradet og lokalmiljøet, frivillige, lag og foreiningar, amatørutøvarar og profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar, er prega av ei nær og respektfull samhandling.

Gjennomgangen under viser at me er på god veg til å nå måla våre og at me er ambisiøse på vegne av kulturlivet, innbyggjarane og lokalsamfunna våre.

Voss er ein markant kultur- og idrettskommune. Ekstremsporten set Voss på det internasjonale kartet. Samstundes har den klassiske skibygda lange historiske røter, og vossingane tar framleis medaljar både i det internasjonale skisporet og i sportar utan spor. Voss markerer seg óg på andre idrettsområde. Voss Cup er ein av landet sine største fotballcupar for born med om lag 600 påmelde lag. Dei store festivalane har vore viktige for Voss i fleire tiår. Innafor sine sjangrar har dei prega miljøa og musikken nasjonalt og internasjonalt. Vossa jazz har i over 50 år vore viktig for det norske jazzmiljøet. Gjennom alle desse åra har dei utvikla seg i takt med samfunnsstrøymingane. Osafestivalen starta som ein liten og smal festival for folkemusikk, og har dei siste åra vakse monaleg. I dag er Osafestivalen ein svært viktig arena for nasjonal- og internasjonal tradisjonsmusikk. Over år har Voss bygd sterke



Foto: Vossa Jazz



arrangørkompetanse og underskogen av små og store festivalar og arrangement er stor. Mykje av dette kviler på kulturfrivilligheit, men det er òg næringar som spring ut av kultur og som er knytt opp til kulturlivet. Dei økonomiske og samfunnsmessige ringverknadane av kultursatsinga er betydeleg.

Kulturlivet på Voss avgrensar seg ikkje til festivalane. Det er eit kulturelt grunnlag som lever i heile kommunen gjennom arbeidet med kunst, kulturarv og kulturmiljø, kulturfrivilligheit, lag og foreiningar. Kultur for barn og unge er ei oppgåve som vert løyst både av heradet og det frivillige kulturlivet. Kulturskulen på Voss er stor og veksande. Dei siste åra har det vore jobba med desentralisering av tilbodet slik at barn og ungdom i grendene kan delta i kulturoplæring i sitt nærmiljø. Det er tilbod i den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken. Det har vore viktig for Voss å nytta desse tilboda til å fremja lokal kunst og kultur i tillegg til å gje ungane eit møte med profesjonelle utøvarar. Musikk og kunstopplæring skjer ikkje berre i regi av heradet. Skulekorps rekrutterer mange unge, og det er ulike typar private kulturoplæringstilbod.

Voss er ein stor kommune i utstrekning med mange livskraftige grender. I grendene er dugnadsviljen sterk og aktivitetsnivået høgt. Vossevangen er eit kompakt og sterkt regionsenter. Over år har det vore ei målsetjing å styrkja sentrum som motor for heile heradet og regionen. Det er utarbeidd ein sentrumsplan som legg føringar for den fysiske utviklinga, med rammer og mål for eit levande sentrum som innbyr til aktivitet og møteplassar. Det er framleis utviklingspotensiale i sentrum og kultursektoren vil ha ein sentral plass i denne utviklinga.

Kultur og næring

Feltet kultur og næring kan analyserast med ulike perspektiv. For det første gjeld det kulturen som innsatsfaktor for rekruttering av tilflyttarar og arbeidskraft til heradet. For det andre er det dei kreative kulturnæringane der kunstnarar og kulturarbeidarar har kulturproduksjon som heile eller del av inntekta si. For det tredje er det næringsaspekt ved fleire av heradet sine eigne kulturtenester som mellom anna konserter og kino. Inntening knytt til egedelar og gebyr vert ikkje rekna med her.

Vossingane er jamt over bevisst sin kulturelle kapital, og den store bevisstheita rundt kulturens rolle på Voss pregar ikkje berre kulturlivet. Når næringslivet vert utfordra på kva som er viktig for rekruttering til næringslivet i bygda, er det gjennomgåande at dei peikar på kultur og idrett. Meirverdien dette skapar er viktig i ei tid med sterk konkurranse om arbeidskraft (Voss i Vekst).

«Det er arrangementa og tilboda innan kultur og aktivitetar som trekker til seg spesialkompetanse, og breidde i denne. Det spelar ei sentral rolle i å få utvikla bygda og næringane» Voss i Vekst



Voss er ei turistbygd med stor hytteturisme. I tillegg kjem betydeleg tal turistar for å oppsøkja kjende landemerke i naturen. Instagramsamlarar har dei siste åra vorte ei eiga turistgruppe og stadar som Kiellandbu og Oksen er kjende turistmål. Denne turismen er ofte lagt til sårbar natur og slitasjen er til dels stor. Det vert jobba strategisk for å sikra desse landemerka gjennom utarbeiding av besøksstrategi med sterkt involvering av lokalbefolkinga. Voss er også ein landbrukskommune og lokalmatproduksjonen har vakse dei siste åra, men her vert det peika på at me framleis har eit ubrukt potensial (Menon 2020). Festivalane tiltrekker seg mykje folk og dei økonomiske ringverknadane er store. I tillegg dannar festivalane grunnlag for verksemder som er viktige for produksjon og gjennomføring av festivalane. Dette dreier seg om overnatningsplassar, matprodusentar, lydproduksjon med fleir.

Samfunnsøkonomisk analyse gjennomførte i 2024 ei analyse av verdien musikalske hendingar har for eit lokalsamfunn som Voss (SØA 07/2024). Dei konkluderte slik:

....vi har konkretisert det ved å sjå på verdien av Vossa Jazz og kulturlivet elles for Voss. Samfunnsøkonomisk analyse AS har sett på dette frå fleire vinklar. Vår samla vurdering er at Vossa Jazz og andre kulturelle aktivitetar i lokalsamfunnet gjer Voss til ein betre stad å bu og leve, samanlikna med ein situasjon utan slike arrangement.

Det utvida kulturomgrepet

I forvaltinga av kultur på Voss vert kultur definert breitt. Kultursektoren inneheld den klassiske kulturen som musikk, dans, teater og kunst, men den inneheld også idrett, friluftsliv og heile fritidsfeltet. I denne søknaden viser me heilskapen i heradet sitt arbeid knytt opp mot det utvida kulturomgrepet. Kulturpolitikken i kommunane er forankra i Kulturlova, og me forvaltar kulturtenester gjennom den kulturelle grunnmuren som kulturopplæring, kulturproduksjon og formidling i kulturskulen, bibliotek, kunst- og kulturarenaer. Samtidig er stordelen av kulturproduksjonen utført av det profesjonelle kunst- og kulturlivet og kulturfrivilligheita. Gjennom ein armlengds avstand til forvaltinga har kunst og kulturlivet ei viktig rolle som utfordrar og samfunnets kritiske røyst. Denne rolla er med på å fornya og utvikla samfunnet. På den andre sida har kommunane ei formell samfunnsutviklarrolle som inneber at me skal setja retning og peika ut ein kurs for samfunnsutviklinga. Voss herad er bevisst denne rolla og er ein aktiv støtte- og lagspelar for kulturlivet. Det er gjennom nær samhandling, respekt og gjensidig kompetanseutveksling at me saman utviklar det breie kulturlivet og samfunnet på Voss.

Voss herad sin kulturpolitikk og kulturverksemrd skal nå breitt, samstundes har me eit særleg fokus på dei som elles fell utanfor eller står i fare for å falla ut av fellesskapen. Det kan gjelda unge og eldre, innvandrar, folk med funksjonsvariasjonar eller folk som av andre grunner finn det vanskeleg å delta. Desse gruppene har heradet si særlege merksemd og me nyttar kultur som arena for inkludering og fellesskap.



Politisk og administrativ organisering

På Voss er kulturforvaltinga sentral i alle kommunen sine rollar, som tenesteytar, forvaltar av myndigkeit, samfunnsutviklar og som demokratisk arena. For å stadfesta og lyfta fram den sentrale rolla til kultursektoren er den plassert i det administrative systemet med eit eige kommunalområde på lik linje med oppvekst, helse/omsorg og tekniske tenester. Dette posisjonerer kulturlivet inn mot den heilskaplege utviklinga av kommunen. Samstundes forpliktar det sektoren opp mot andre og pålegg oss eit stort ansvar for å delta i og sikra tverrsektoriell innsats mot dei store samfunnsutfordringane Voss herad står i.

Synleggjeringa og satsinga på kultur finn me att i både den administrative og den politiske linja.





Økonomi og organisering

I 2025 er det 29 årsverk og 50 tilsette i kultursektoren. I tillegg kjem 11,5 årsverk i Vossabadet KF. Den samla økonomiske ramma er på 50,5 millionar kroner inkludert overføring til Vossabadet KF og Kyrkja. Dei siste åra har budsjettet til kommunalområdet for kultur og fritid blitt styrka med fleire satsingar.

Faste nye tiltak i økonomiplan 2020 - 2025	År	Sum
Korps i skulen	2020	300 000
Styrka drift av kulturhuset	2020	800 000
Produsentstilling kulturhuset	2022	750 000
Auka tilskot eksterne lag	2022/2025	350 000
Reduksjon av leigepris for Gamlekinoen for frivillig kulturlivet	2025	50 000
Distriktsmusikar, samarbeid med Vestland fylkeskommune	2022	200 000
Bygningsvernkonsernt, samarbeid med Vestland fylkeskommune og Hardanger og Voss museum	2023	300 000
Styrka utekontakt	2023	500 000
Sommarjobb for ungdom	2023/2025	600 000
Ferdigstilling av bygdebøkene	2023	2 000 000

Dei viktigaste investeringane i perioden 2020 - 2025	År	Sum
Brannsikring av Vangskyrkja	2020	3 700 000
Meirope bibliotek	2024/2025	350 000
Ny bokbuss	2025	6 000 000
Nytt servicebygg og utebasseng	2025	13 000 000
To nye digitale kinoframvisarar	2020/2025	3 000 000
Oppgraderingar på Kulturhuset	2025	1 500 000
Rehabilitering av Gamlekinoen (totalkostnaden er rekna til 80 millionar inkl. mva)	2025	40 000 000



Planlegging for å unngå tilfeldigheiter

Voss herad har dei siste åra utarbeidd mange kommunedelplanar og temaplanar. Til grunn for dei alle ligg Kommuneplanens samfunnsdel. Denne planen vart vedteke i 2020. Den er no under revisjon men hovudlinjene ligg fast. Voss skal vera ei attraktiv bygd for sterke opplevingar, inkluderande bygd for alle og innovativ bygd med røter og vengjer. I alle planar ligg kultur som ei grunnleggjande satsing og føresetnad for å nå måla. I innleiinga til Kommuneplanen skriv rådmannen:

Utanfor Voss er det særleg to ting Voss er kjent for: Det tradisjonsrike, særnorske og nasjonalromantiske, og det ekstreme, ville og nye. I spennet mellom det trygge og det galne ville me vera betre rusta enn dei fleste til å kopla historia med framtida, tenkja globalt, handla lokalt og skapa det nye berekraftige

I Kommuneplanen er eit av hovudmåla for Voss:

Kulturbygda, idrettsbygda og festivalbygda Voss skal vidareførast, styrkja merkevara Voss og skape bu-lyst, med positive ringverknader for Voss som attraktivt regionsenter, og heilårs reiselivsmål

Voss herad vedtok sin fyrste kulturplan i 2015 og skrev ny i 2024. Den nye planen fekk namnet *Kulturkraft – temoplan for kultur 2024 – 2023*¹



Planen har fem satsingsområde med tilhøyrande mål og strategiar. Dei fem områda er:

1. Område 1 - Kultur bygger menneske og samfunn
2. Område 2 - Kultur er kunnskap, yttring og demokrati
3. Område 3 - Kultur er møteplassar, fellesskap og god helse
4. Område 4 - Kultur er tradisjon, identitet og nye impulsar
5. Område 5 - Kultur som næring

¹ Alle biletet av planar har link til planen



Nr	Planar	Omtale
1	SNU –Strategisk næringsplan 	I den strategiske næringsutviklinga på Voss står kultursatsinga sentralt. Store kulturarrangement er lyfta fram som motorane for ei samla kulturnæringer som genererer store verdiar. For Voss, som allereie har skapt seg eit godt ry som festival- og arrangørbygd, er dette lovande og vel verdt å satsa vidare på. Eit av innsatsområda er Vossakulturen som næringsveg. <ul style="list-style-type: none">❖ Kunst- og kulturnæringa, tradisjon og innovasjon, skal vera ei synleg satsing i kommunen si næringsutvikling.❖ Voss herad skal oppleva auka sysselsetting innan kulturnæringa og auka tal kreative næringar.
2	Voss i Vekst 	Planen sitt hovudmål er å sikra nok og rett kompetanse til Vossasamfunnet. Fokus er strategisk næringsutvikling, kultur og lagsliv som vekstdrivar, utdanning og kompetanse, og sentrumsutvikling.
3	Sentrumsplan arealplaner.no	Voss og Vossevangen har ein storleik som ligg tett opp mot definisjonen av by. Voss ynskjer likevel ikkje å vera by og har eit bevisst forhold til det å utvikla bygde- og tettstadskvalitetane sine. I arbeidet med sentrumsplanen var dei kulturelle identitetsmarkørane førande premiss. Vossevangen er eit NB – område (Nasjonal betydning) med alle dei kvalitetane som er viktig for eit livskraftig sentrum. Målet for sentrumsplanen er å skapa «Eit sentrum der det er godt å leva, bu, arbeida og besøkja» med delmålet. Fortetting med kvalitet; skal tilføra verdi i kultur, estetikk og utforming.



4	Tidleg innsats og livsmeistring	<p>Planen skal sikra at barn og unge får dei beste føresetnadene for å meistra eige liv. Den har eit eige område for fritidsfeltet og koplar seg på kultur ved å ha eit eige mål om å følgja opp kulturplanen Kulturkraft.</p> <ul style="list-style-type: none">❖ Barn og ungdom på Voss skal ha allsidige aktivitetstilbod i fritida si, med eit variert og breitt kulturtildob for alle❖ Voss skal ha tilbod som inkluderar alle barn og unge i bygda❖ Me fremjar meir digital kunnskap og mindre digital utanforskning❖ Det skal leggjast til rette for frivilligheit blant barn og unge❖ Me har fokus på barn og unge sin kreativitet og aktive deltaking i kulturlivet
5	Vossaklima	<p>Vossaklima 2030 har siktet mål om å redusera direkte klimautslipp, og ha ei bevisst og styrka satsing på naturen som karbonlager og vossingane sitt klimafotavtrykk. Slik skal Voss herad bidra lokalt i eit arbeid som samstundes gjev mening i ein større global samanheng. Dette er ein ambisiøs plan med 13 ulike satsingsområde og 122 strategiar.</p> <p>Kulturmiljø og landskapsverdiar er viktige mål i planen (satsing 6). Planen peikar òg på at det er viktig å leggja til rette for og byggja opp under barn sitt engasjement i klimaspørsmål (satsing 10).</p>
6	SØA rapport 09/24	<p>Rapport om verdien av kulturlivet på Voss.</p> <p>På bakgrunn av analysar av befolkningsauken i Voss har SØA konkludert med at veksten ikkje kan forklarast utan å verta sett i samanheng med eit kreativt og levande kulturliv, med særleg vekt på musikk og festivalane på Voss.</p>



2. Voss - Bygd for alle

Voss er mangfaldig og det er viktig å leggja til rette for at alle innbyggjarane har like moglegheiter til å leva aktive og meiningsfulle liv. Ved å leggja til rette for brei deltaking i kultur-, idretts- og friluftsliv, vil me motverka konsekvensane av ulikskap i befolkninga og byggja god folkehelse.

Me førebyggjer utanforskap ved å byggja lågterskelaktivitetar og kulturtilbod for alle, òg for dei gruppene som treng oss mest. Det vil særleg gjelda barn, unge, eldre, minoritetar og menneske med funksjonsvariasjonar.



Voss herad har fokus på tiltak som reduserer ulikskap og utanforskap, mellom anna gjennom etablering av møteplassar, dialog og involvering av sivilsamfunnet, lågterskeltilbod og samarbeid med frivilligheita. Saman med frivillig sektor arbeidar me for å mobilisera til auka frivillig innsats inn mot viktige samfunnsområde. På Voss samarbeider me for å sikra både breidde og topp. Me legg til rette for kvardagsaktivitet og gode rammer for uorganisert aktivitet. Voss herad arbeider målrettat og systematisk for å inkludera unge, eldre og nye innbyggjarar i kultur- og fritidsaktivitetar. Kommunalområdet kultur og fritid er ein naturleg del av eit tverrfagleg arbeid retta mot gruppene. Gjennom prosjektet *Bygd for alle* har heradet jobba systematisk i tre år for å leggja til rette for at alle barn og unge skal ha moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar uavhengig av familien sin sosialøkonomiske situasjon. Det er i prosjektperioden opparbeidd rutinar og strukturar som skal dempa negative konsekvensar av fattigdom for barn og unge.

På heradsstyremøtet i desember 2024 vart Voss herad si eiga fritidserklæring politisk handsama og signert. Fritidserklæringa i Voss herad er eit tiltak for å få aktørar i Voss herad til å jobba saman for at barn og unge skal få ei aktiv fritid. Partane som har signert erklæringa har ansvar for å følgja opp arbeidet med å realisera måla i erklæringa. Dette er representantar frå frivillig lagsliv, kommunale råd, politisk og kommunal administrasjon og næringsliv: ordførar, rådmann, ungdomsråd, innvandrarråd, Råd for MMNF, Voss Kulturråd, Voss Idrottsråd, Voss Frivilligsentral, Voss Røde Kors, Kirkens Bymisjon Voss og Voss Næringsråd. Voss Røde Kors og Kirkens Bymisjon er invitert med då dei har samarbeidsavtalar med heradet om barn og unge si fritid.



Utvalde satsingar

Nr	Objekt	Omtale
1	Fritidsfond	<p></p> <p><u>Fritidsfondet</u> er ei økonomisk støtteordning som skal bidra til at barn og unge (6-18 år) i låginntektsfamiliar skal ha moglegheit til å delta i minst ein fritidsaktivitet uavhengig av familien sin sosiale eller økonomiske situasjon. Ordninga er tillitsbasert og ein kan få støtte til utgifter knytt til aktivitet på opp til 2500,- per år. Tiltaket skal evaluerast i løpet av 2025. Fondet er hovudsakeleg finansiert med gåve frå Voss Sparebank og frå tilskotsordninga til Bufdir.</p>
2	Aktivitetsguidar	<p><u>Aktivitetslos</u> er ei teneste med mål om å få fleire born og unge inn i organiserte fritidsaktivitetar. Tiltaket er støtta av midlar frå Bufdir, og er ein del av eit samarbeidsprosjekt mellom avdeling for Kultur og fritid og Oppvekst <u>Inkludering av personar med minoritetsbakgrunn</u>.</p> <p>Voss herad har <u>samarbeidsavtale</u> med Voss Røde Kors om aktivitetar. Dei skal vera ein ressurs for heradet og frivillig lagsliv i arbeidet med å få personar med minoritetsbakgrunn ut i fritidsaktivitetar.</p>
3	Ungdomsteam	Det er etablert ei fast nettverksgruppe for frivillige lag og offentlege sektorar som har generelle tilbod retta mot unge. Gruppa har møte kvar månad for informasjonsdeling, drøfting av aktuelle utfordringar og samarbeid. Gruppa er sett saman av Kirkens Bymisjon, Voss Røde Kors, Voss Gatebil, Kyrkja, Voss Frivilligsentral, Utekontakten, ungdomsavdelinga, kommunepsykolog, støttekontaktenesta, barnevernet og skulehelsetenesta. Alle er med på å sikra at tilboda som vert iverksett rett målgruppe og at innhaldet er føremålstenleg.



4	Friskus, digital aktivitetskalender	 <p>I Voss herad har me samla alt som skjer av aktivitetar i den digitale aktivitetskalenderen Friskus. Her finn du oversikt over arrangement, frivillige lag og organisasjonar, aktivitetsarrangørar og ei oversikt over støtteordningar til barn og unge i heradet. Friskus vert aktivt nytta av lagslivet på Voss.</p>
5	Desentralisert kulturskule og friplassar	<p>Den desentraliserte kulturskuleundervisninga i Voss herad, med undervisningsstadar på Evanger, Granvin og Vossestrand, bidreg til å gjøre kulturtilbodet meir tilgjengeleg for innbyggjarane i heile heradet. Dette styrkar den lokale fellesskapen, reduserer reisebehovet og sikrar at born og unge på mindre stader får høve til å utvikla sine kreative talent der dei bur. Gjennom eit tilbod nær heimen legg kulturskulen til rette for lokal identitet og tilhørysle, og gjev fleire moglegheit til å delta i eit inkluderande og inspirerande kulturliv. Dette bidreg til eit sterkt og levande kulturliv i heile Voss herad.</p> <p>Kulturskulen har ti friplassar til fordeling blant kulturskuleelevane. Friplassane vert tildelt etter søknad til born som veks opp i låginntektsfamiliar. I tillegg er det oppretta tolv ekstra plassar til elevar frå Ukraina.</p>
6	Bli med på kveldskøyring	 <p>På Voss er skianlegga ein viktig sosial møteplass for ungdom vinterstid. Dyrt utstyr og skikort gjer at alpinbakken ikkje er for alle. Gjennom prosjektet «Bli med på kveldskøyring» har me gjort denne viktige møteplassen tilgjengeleg for alle i aldersgruppa 11-16 år.</p> <p>Tilbodet går ut på at ungdomen får tilbod om gratis skiuundervisning, lån av skiuutstyr og kveldskort i skisenteret torsdagar i tida mellom vinterferien og påske. Ingen påmelding, møt opp. Prosjektet er finansiert med eksterne midlar og er eit samarbeidsprosjekt mellom Voss herad, Voss Røde Kors, Voss Frivilligsentral, Kirkens Bymisjon, Voss Folkehøgskule og Voss Resort.</p>



7	Skattkammeret/ BUA	Voss herad har samarbeidsavtale og finansierer Kirkens Bymisjon sitt tiltak Skattkammeret . Skattkammeret tilbyr gratis lån av sports- og fritidsutstyr.
8	Den kulturelle spaserstokk	Voss herad legg til rette for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre i eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Eit eige programråd, leia av ein tilsett frå kommunalavdeling for kultur og fritid og sett saman av representantar frå Eldrerådet, helse- og omsorgssektoren og andre relevante samarbeidspartnarar, har ansvaret for å utarbeide eit tilpassa kulturprogram. Gjennom å knyta saman kultur- og helsefeltet sikrar programrådet at tilboda når fram til eldre der dei bur og oppheld seg til vanleg. Slik vert gode kunst- og kulturopplevingar som fremjar trivsel, helse og sosial deltaking skapt.
9	Aktivitetsoversikt for godt vaksne	 <p>Det er ei utfordring å nå ut til alle som ikkje er digitale. Difor har heradet saman med Voss Frivilligsentral laga ein aktivitetskalender der det er samla informasjon om aktivitetar og sosiale møteplassar for godt vaksne. Aktivitetskalendaren er tilgjengeleg i papirformat og digitalt.</p>
10	Veterankontakt	Voss herad har veterankontakt med ansvar for å følgja opp og sikra eit godt samarbeid med krigsveteranane og deira arbeid. Det er oppretta fast samarbeid mellom kultursektoren, skulane og veteranane for markering av viktige dagar.
11	Tilgjengeleghetsmerke	Voss herad arrangerer kurs for kulturlivet i tilgjengeleghetsmerke i samarbeid med Frivilligsentralen. Tilgjengeleghetsmerket er ein sertifisering for kunst- og kulturaktørar for å få god tilgjengeleghet for menneske med nedsett funksjonsevne på sine arrangement. Arrangørar kan nyttar Tilgjengeleghetsmerket som verktøy for å byggja kompetanse og tilretteleggja på eigne arrangement.





12	Leve heile livet	Voss herad har hatt eit eige prosjekt knytt til implementering av satsinga <i>Leve heile livet- bu trygt heime</i> . Det har vore eit tett tversektoriel samarbeid for å realisera måla og kultur har vore ein aktiv medspelar. I kulturplanen er det synleggjort viktigheita av å leggja til rette for deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar gjennom heile livet. Dette har ein viktig førebyggjande effekt i ein eldreomsorg der fleir og fleir må bu heime lenger.
13	Datakafe i biblioteket	Datakafé er eit tilbod som særleg rettar seg mot seniorar og andre som treng hjelp til nettbrett, mobil eller pc. IT-elevar frå Voss gymnas hjelper til med å løysa ulike utfordringar. Tilboden er eit vellukka lågterskel tilbod og ein fin generasjonsmøteplass mellom ung, gamal, deltakrar og elevar. Eit anna tilbod biblioteket har er tenesta “bestill ein bibliotekar”. Her kan ein booke tid der bibliotekar hjelper deg med til dømes informasjonssøk og bruk av mobil, nettbrett eller PC.
14	Språkkafe i biblioteket	I samarbeid med Vaksenopplæringa tilbyr biblioteket språkkafé ein til to gongar i månaden. Her møter elevar frå Vaksenopplæringa frivillige til ein prat og ein kopp kaffi.
15	Boka kjem	For å gi eit tilbod til lånarar som ikkje kjem seg til biblioteket på eiga hand, har me ordninga “Boka kjem”. Alle som ynskjer det kan ta kontakt med biblioteket så kjem ein bibliotekar heim til deg med dei bøkene du ynskjer å låna.
16	Stipendordningar	Voss herad deler ut stipend til unge lovande utøvarar i kultur og idrett (2x30 000 kroner)
17	Kulturpris	Kvart år deler Voss herad ut Kulturpris. Prisen består av eit kunstverk frå ein lokal kunstnar og vert delt ut til nokon som har gjort ein framifrå innsats innanfor kunst og kulturarbeid i Voss herad.



3. Ung på Voss

Voss skårar generelt høgt på trivselsundersøkingane blant barn og unge, og talet på unge som deltek i fritidsaktivitetar er høgare enn landsgjennomsnittet.



Ungdata 2024

Voss er ei bygd der jazz, folkemusikk, vintersport og ekstremsport står sterkt og er ein integrert del av oppveksten til barn og unge. Det er eit stort mangfold i kulturtilbodet på Voss. Gjennom kulturaktivitetar møtast folk og skapar fellesskap. Dette er viktig for lokalsamfunnet og for folkehelsa. Det å møta ulike kulturuttrykk gjennom skulekvarden og fritida skapar inkludering og deltaking. Utdanning i kunst og kultur gjev elevar høve til å utvikla kreativitet og uttrykkja seg gjennom ulike kunstformer, og slik bli kulturelle utøvarar og aktive kulturbukkarar.

På Voss har me eit særleg fokus på å leggja til rette for aktivitet og trygge opne møteplassar for barn og unge.



Utvalde satsingar

Nr	Objekt	Omtale
1	Voss kulturskule	<p>Voss kulturskule er ein nøkkelaktør i Voss herad sitt kulturelle tilbod til barn og unge. Gjennom eit tilbod som kombinerer mangfold og fordjupning, legg kulturskulen til rette for kulturell og kunstnarisk utvikling for innbyggjarar i alle aldrar.</p> <p>Med eit særleg fokus på opplæring innan både tradisjonsmusikk og klassisk musikk, og slik speglar kulturskulen dei rike kulturtradisjonane i Voss samtidig som den skaper rom for nyskaping og brei kulturell deltaking. Elevane får høve til å fordjupe seg i sitt kunstuttrykk, utvikle talent og bidra til eit levande lokalsamfunn. Gjennom samarbeid med skular, lag, og organisasjonar styrkar Voss kulturskule fellesskap og skapar ein berekraftig kulturplattform som gjev Voss herad ein solid kulturell grunnmur.</p>
2	Opne møteplassar for born og unge	<p>Voss herad driv to ungdomsklubbar (13-16) og eit ungdomshus (16+) som har ope to kveldar i veka og er godt bemanna med trygge vaksne. Tilboda er gratis og jamleg vert det servert gratis mat.</p> <p><i>Open hall</i> på Voss ungdomsskule er eit tilbod måndag og onsdagar kl.14.30-17.30. Her kan ungdom få gratis mat, vera med på ulike hallaktivitetar og elles koma og gå som dei vil. Tilboden, som jamleg har 20-30 besøkjande, vert drifta av ungdomsarbeidarar i Kultur og fritid.</p> <p><i>Open hall</i> i idrettshallen er ein gratis lågterskel møteplass for småbornsfamiliar i Voss Idrettshall. Open hall held ope søndag formiddag i vinterhalvåret, det er ein stor suksess med omlag 500 faste besøkjande. Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom Voss herad og frivillig lagsliv.</p> <p><i>Hengeplass for ungdom</i> er ein lågterskel møteplass for ungdom i tilknyting til Skattkammeret hjå Kirkens bymisjon. Ungdomsteamet samarbeider slik at tilboda utfyller og ikkje konkurrerer med kvarandre. Heradet støttar tilboden økonomisk.</p> 



3	Gratis ferieaktivitetar for ungdom	 <p>VINTERFERIEN 2025 Gratis aktivitetar for ungdom 8.-10.trinn MÅNDAG 17.2. - LØRDAG 18.2. 10.00-16.00 TIRSDAG 18.2. Gratis i 4-kv. Kunstutstilling i Haus Backe og håndverk med 100 kunstnarar M. 19.-20. ONSDAG 19.2. Håndverk med Voss skole Gruve 4, 5 og 6.G kl. 10-19 Quil og skjæring med 100 kunstnarar Mer info og gemesidig: www.vossbox.com</p> <p>I samarbeid med frivillige lag og organisasjonar arrangerer ungdomsavdelinga i Kultur og fritid gratis aktivitetar for ungdom i alle skuleferiane. Då nyttar me det mangfaldige aktivitetstilbodet i bygda og presenterer ungdomane for ulike aktivitetar. Gjennom deltaking i aktivitet byggjer me relasjoner mellom ungdom og vaksne.</p>
4	Utekontakten	Utekontakten arbeider førebyggjande blant barn og unge i Voss herad. Arbeidet er oppsøkjande og skjer ofte på kveld og i helger der ungdom er samla. Utekontakten samarbeider tett med Natteravnane og MC-ravnar, og elles med ulike kommunale avdelingar, politi, vidaregåande skule, helsetenester og frivillig lagsliv.
5	UKM - Ung kultur møtast	UKM er ein arena der ungdom møter ungdom og deler ulike kulturelle uttrykk. På Voss samarbeider me med fleire nabokommunar og arrangerer ein festival der ungdom får visa fram det dei driv med for kvarandre. UKM skal bidra til at ung kultur får ein større plass i lokalsamfunnet. På Voss er det ungdomsavdelinga og kulturskulen som arrangerer UKM og inviterer med ungdomar frå ei stor breidde i lagslivet innan musikk, dans, teater og visuell kunst. Ungdom bidreg også bak scena som arrangørar og teknikkarar av arrangementa. Gjennom året arrangerer ungdomsklubben ulike Workshop knytt til kunst, musikk og arrangørrolla som skal stimulera til deltaking på UKM.
6	Den kulturelle skulesekken	Som ein del av den nasjonale ordninga Den kulturelle skulesekken (DKS) får skulelevar i Voss herad kvart år tilgang til profesjonell kunst og kultur. Ordninga gjer elevane høve til å oppleve, utforske og utvikle forståing for kunst- og kulturredskap innan film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst. Gjennom eit samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, bruker Voss herad DKS aktivt for å styrke barn og unge si kulturelle kompetanse. Dette bidreg til at fleire får



		<p>oppleve ny kunst og nyskapande produksjonar, noko som gir gode vekstvilkår for både lokale og tilreisande kunstnarar.</p> <p>Det siste året har me kopla DKS med kulturproduksjonen i Voss kulturhus for å byggja eit heilskapleg tilbod og kunna utveksla ressursar.</p>
7	Ny bokbuss	<p>Voss har bokbuss som kører til dei fleste barnehagane og skulane i heradet. Her får barn nytte godt av ei oppdatert boksamling og eit triveleg bibliotek på hjul. I 2025 vil det kome ein ny el-bokbuss, og med det vil Voss (forhåpentlegvis) få den første el-bokbussen i landet.</p>
8	Voss skulemusikk	<p>Kulturskulen samarbeider med Voss skulemusikk for å utvikle og styrke korpsmiljøet i Voss herad. Eit levande korpsmiljø bidreg til både musikalsk utvikling og sosialt fellesskap for barn og unge. For å oppnå dette vil kulturskulen:</p> <p>Utvide tilbodet i Korps i Skulen, slik at fleire elevar får høve til å starte med korpsinstrument tidleg. Vidareføre og styrke korpsopplæringa for elevar som allereie deltar i skulekorpsa. Sikre tett samarbeid mellom kulturskulen og skulemusikk for å støtte rekruttering, instrumentopplæring og dirigentutvikling.</p>



4. Festivalar, kulturformidling og arenautvikling

Eit mangfold av festivalar

Voss herad er kjent for eit rikt og mangfaldig festivaltilbod som spenner over fleire sjangrar og målgrupper. Gjennom desse festivalane vert kultur formidla, tradisjonar haldne i hevd, og nye uttrykk skapt. Dette mangfaldet bidreg til å styrkja det lokale kulturlivet og trekka til seg besøkande frå heile landet.

Voss herad si rolle

Som tilretteleggar har Voss herad ei aktiv rolle i å leggja til rette for eit blømande kulturliv. Dette skjer gjennom strategisk satsing på infrastruktur, økonomisk støtte og samarbeid med lokale aktørar. Heradet legg vekt på å skapa arenaer og tilbod som støttar breidda i kulturlivet, frå amatørar til profesjonelle, og prioritærer eit mangfold av aktivitetar som når ut til ulike målgrupper. Heradet jobbar aktivt for at fleire kan delta og engasjera seg i det lokale kulturlivet.

Voss herad spelar ei aktiv rolle i å støtta og styrkja kulturlivet gjennom målretta tiltak og strategiar. Dette omfattar økonomisk støtte til arrangørar, oppgradering av sentrale arenaer som Gamlekinoen og kulturhuset, og utvikling av ordningar som fremjar samarbeid mellom profesjonelle aktørar og frivillige. Heradet fokuserer på å skapa møteplassar og leggja til rette for eit variert kultertilbod, som er tilgjengeleg for alle innbyggjarane. Gjennom systematisk planarbeid og tett dialog med lokale aktørar legg Voss herad grunnlaget for eit kulturliv som rommar tradisjonar og opnar for nyskapande uttrykk.

Det smale feltet

Kulturlivet i Voss herad er prega av eit rikt mangfold der fleire aktørar bidreg til å løfta fram smale og eksperimentelle uttrykk. Samarbeidet mellom offentlege, frivillige og private aktørar sikrar breidde og variasjon i kultertilbodet.





Kulturhuset på Voss har ein viktig funksjon som arrangør og produsent av smale kulturproduksjonar. Gjennom eigne tiltak og samarbeid legg huset til rette for at ulike kunstnarlege uttrykk kan finna sitt publikum, samstundes som det supplerer innsatsen til eksterne aktørar. Summen av desse kreftene gjer Voss herad til eit kulturelt knutepunkt som dyrkar både tradisjonar og nyskaping.

Stimulera kulturlivet

Heradet ser det som ei oppgåve å stimulera kulturlivet i alle delar av kommunen. Gjennom tilskotsordningar vert det gjeve økonomisk støtte til både små og store kulturaktørar, noko som sikrar eit mangfaldig og inkluderande kulturtilbod.

Lokale arenaer som kulturhuset og Gamlekinoen er viktige. Her kan ulike aktørar utfalda seg og utvikla sitt kunstnarlege uttrykk, medan heradet som eigar kan initiere eigne produksjonar og arrangement. Dette gjev rom for både etablerte og nye uttrykk, og sikrar breidde og kvalitet i kulturlivet.

Gjennom desse tiltaka viser Voss herad ei klar forplikting til å styrkja kulturen som ein bærebjelke i lokalsamfunnet, der tradisjon og innovasjon går hand i hand.



Foto: Elisabeth Emmerhoff

Utvalde satsingar

Nr	Objekt	Omtale
1	Voss kulturhus	<p>Voss kulturhus opna i 2011 og er ein viktig møteplass for både lokale og tilreisande. Målet for kulturhuset er å skapa eit rom som famnar breitt og gjev plass til eit mangfold av kulturuttrykk, frå amatør til profesjonelle aktørar.</p> <p>Målsetningar for kulturhuset inkluderer:</p> <ul style="list-style-type: none">❖ Å etablera gode samarbeidsavtalar som styrkar kulturtilbodet og legg til rette for vekst i kulturlivet.❖ Å vera eit fleksibelt og profesjonelt hus som kan drifta eigne produksjonar og tilby varierte arrangement innan konserter, teater, kino, utstillingar og meir.❖ Å vera ein arena som støttar kulturskaping i alle ledd, frå det amatørbaserte til det profesjonelle.



		<ul style="list-style-type: none">❖ Å oppfylla rolla som samfunnshus i Voss herad, med eit særleg ansvar for å inkludera og leggja til rette for alle innbyggjarane. <p>Kulturhuset er ein stad der profesjonell kompetanse innan produksjon og arrangementsplanlegging og marknadsføring sikrar høg kvalitet på tilboda. Gjennom denne visjonen for kulturhuset vil Voss herad halda fram med å vera eit kulturelt fyrstårn i regionen. Her vert det lagt til rette for breidde og kvalitet.</p>
2	Gamlekinoen	<p>Gamlekinoen, plassert midt på Vangen og vendt mot Tinghusplassen, er ein kulturhistorisk skatt og eit arkitektonisk landemerke. Bygget, teikna av Leiv Tvilde og ferdigstilt i 1957, er eit nøkternt monumentalbygg med høg arkitektonisk kvalitet. Med si tilknyting til etterkrigsarkitekturen er Gamlekinoen ein viktig del av Vossavangen sin identitet og inkludert i Riksantikvarens NB-register.</p> <p>Rehabilitering av Gamlekinoen er ei stor satsing i Voss herad. Med støtte frå Kulturdepartementet, og forhåpentlegvis Vestland fylkeskommune, skal Gamlekinoen gjennom ei omfattande oppgradering for å møta krava til ein moderne kulturarena. Målet er å sikra at både sal og scene kan brukast til eit breitt spekter av aktivitetar, inkludert teater, dans, konserter i ulike format, kurs, møter og konferansar. Dette krev gode akustiske løysingar og fleksible sceneuttrykk, som blir lagt til grunn i oppgraderingsarbeidet. Publikumskapasiteten skal aukast frå dagens 432 sitjeplassar til 452. Alternativt, med nedsenka scene, kan salen romma opptil 509 publikummarar.</p> <p>Gamlekinoen er allereie ein sentral arena for Voss herad sine største festivalar, som Vossa Jazz og Osafestivalen, og husar også mindre arrangement, musikkklubar og kulturelle tilstellingar. Den unike kombinasjonen av historisk atmosfære, særmerkte interiør og sentral plassering gjer Gamlekinoen til ein ettertrakta arena både for lokale og tilreisande kulturutøvarar. Dette vil styrke kommunen si evne til å tilby eit variert kulturtilbod og skapa nye møteplassar for innbyggjarane.</p>





3	Vossa jazz	<p>Vossa Jazz har sidan starten i 1974 vore eit bindeledd mellom jazz, folkemusikk og verdsmusikk. Festivalen, som blir arrangert i palmhelga kvart år, markerer ein viktig start på påsken for både lokalbefolkinga og tilreisande. Med eit program som kombinerer store internasjonale artistar og lokale talent, har Vossa Jazz vorte ein tradisjonsrik kulturmøteplass.</p> <p>Festivalen er særleg kjend for sitt årlege tingingsverk, der komponistar blir inviterte til å skapa nye verk spesielt for festivalen. Dette har sikra festivalen ein unik posisjon innan nyskapande musikk, og fleire av verka har fått nasjonal og internasjonal merksemd. I tillegg til hovudprogrammet har festivalen tilbod som Badnajazz for barn, Yngdajazz for ungdom, Eldrejazz og Superjazz, som sikrar breidde og inkludering.</p> <p>Frivillig innsats er sentralt for gjennomføringa av Vossa Jazz, og kvart år deltek om lag 250 frivillige i ulike oppgåver. Denne dugnadsånda bidreg til eit sterkt lokalt eigarskap til festivalen, som igjen gjev styrke til posisjon som ein kulturell berebjelke i Voss herad.</p>
4	Osafestivalen	<p>Osafestivalen markererte i 2024 sitt 30-årsjubileum som ein møteplass for folkemusikk, klassisk musikk og nærliggande musikkformer i Noreg, og har vekse monaleg i omfang og publikum dei siste åra.</p> <p>Festivalen blir arrangert siste helga i oktober kvart år og omfattar om lag 40-50 arrangement fordelt over tre dagar. Programmet inkluderer alt frå tradisjonell folkemusikk og klassiske verk til meir eksperimentelle uttrykk, der tradisjonar møter samtida. Osafestivalen gjev plass til både etablerte artistar og nye talent.</p> <p>I tillegg til sjølve festivalen står Osafestivalen bak heilårsscena Osascena, som legg til rette for konserter og kulturelle møtepunkt gjennom året. Festivalen har sitt hovudsete på Ole Bull Akademiet, der dagleg leiar og festivalkoordinator bidreg til kontinuitet og kvalitet i organisasjonen. Gjennom sine nyskapande tingingsverk og program har Osafestivalen oppnådd både nasjonal og internasjonal merksemd.</p>
	Fossegrimen	<p>Den klassiske musikken er viktig å verne og vidareutvikle. Dette er ei viktig oppgåve for Voss kulturskule. Kulturskulen har sidan oppstarten på 80- talet hatt rolla som berar av den klassiske musikkarven i heile regionen, og kulturskulen har eit tett samarbeid med orkesteret Fossegrimen i dette arbeidet.</p>



5	Den forvitnelege countryfestivalen	<p>Den Forvitnelege Countryfestivalen er eit nyare tilskot til det mangfaldige festivallivet på Voss og vert arrangert årleg i september. Festivalen fyller Gamlekinoen og Ungdomshallen med fengande countrymusikk som samlar lokale og tilreisande til ei feiring av sjangeren.</p> <p>Med fokus på å tilby eit breitt spekter av artistar, frå lokale talent til etablerte namn frå Vestlandet og resten av landet, er festivalen ein unik plattform for å oppleva countrymusikk i ulike uttrykk. Den Forvitnelege Countryfestivalen har raskt blitt ein viktig møteplass for musikkglede, fellesskap og tradisjon på Voss.</p>
6	Heidrafest	<p>Heidrafest er ein festival som har blitt ein viktig møteplass for amatørmusikarar frå heile landet, med hovudvekt på tributekonsertar og musikkglede. Den fyrste gjennomføringa i 2022 var ein stor suksess, og sidan har festivalen vakse seg til å bli Noregs største tributefestival.</p> <p>Heidrafest er ikkje berre ein festival, men ein del av eit levande lokalt musikkmiljø. Foreininga bak festivalen driv eit øvingslokale i det tidlegare Meieriet, og saman med teknisk samarbeidspartner Sprit, legg dei til rette for vidare vekst og utvikling. Dei mange prosjekta som er i emning viser at Heidrafest er ein viktig aktør i det lokale kulturlivet, og bidreg sterkt til å styrke musikkglede og samhald i Voss herad.</p>
7	Andre arrangørar	Voss jazzklubb har jamleg med konsertar i foajeen i Gamlekinoen. Vossablås vert arrangert annan kvart år av Voss skulemusikk. Arrangementet samlar skulekorpsmusikantar frå store delar av fylket.
8	Arrangørforum	Voss herad har etablert eit arrangørforum som ein ressurs for lokale arrangørar. Forumet legg til rette for kunnskapsdeling, samarbeid og kompetanseutvikling.
9	Bergslien kunstmuseum	<p>Stiftinga Bergsliminne arbeider saman med fleire lokal aktørar, kultur og utviklingsavdelinga i Voss herad og Nordic Institute of Art om å etablera eit heilt nytt kunstmuseum på Voss dedikert kunstnarane Knut og Brynjulf Bergslien. Museet skal også visa moderne skiftande kunstutstillingar, plasserast sentralt og verta ein møteplass på Vangen.</p> 



9	Distriktsmusikarane i klassisk musikk	<p>På Voss har med fire distriktsmusikarane innan klassisk musikk. Desse er sentrale for å sikre at den klassiske musikktradisjonen held fram med å utvikle seg på Voss og i Hardangerregionen. Gjennom høgkvalitetsframføringar, DKS produksjonar, undervisning og aktiv deltaking i lokale kulturprosjekt, inspirerer dei både publikum og unge talent til å verdsetje og dyrke den klassiske musikken.</p> <p>Eit viktig element i dette arbeidet er samarbeidet med orkesteret Fossegrimen. Gjennom dette partnarskapet skaper distriktsmusikarane synergiar som styrkar både det lokale orkesterlivet og den klassiske musikkens posisjon i regionen. Dei tilfører profesjonell kompetanse, breidde og inspirasjon som løfter konsertopplevelingar og gir rom for kreativ utvikling, samstundes som dei bygger bruver mellom profesjonelle musikkarar, amatørar og publikum. Dette gjev den klassiske musikken eit sterkt og levande fundament for framtida, og er med på å "oppdra" den oppveksande generasjonen i å verdsette høg utøvande kvalitet.</p>
10	Digital arrangørrettleiar	<p>Det skal vera enkelt og oversiktleg å vera arrangør i bygda vår. Det er utarbeidd ein rettleiar for små og store arrangement i Voss herad. Her finn du nyttig informasjon og gode råd og tips til planlegginga av ditt arrangement.</p> <p>Me er opptekne av at arrangørane tek omsyn til folk, natur og kulturminne i både planlegging og gjennomføring. Det er viktig at alle arrangement er tilgjengelege for alle, og universell utforming er difor vera eit førande prinsipp. Rettleiar for små og store arrangement i Voss herad - Voss herad</p>
11	Kunstdatabase	For å gjera kunsten tilgjengeleg for publikum og for å ivareta vår kulturhistorie har Voss herad samla kunst som er eigd av heradet i ein eigen database . På desse sidene finn du kunst og arkitektur.



5. Tradisjon og nyskaping

Voss er bygda der det moderne vert tradisjon. Vossingane har tradisjon for å utfordra det sjølvsagte, dei vågar å satsa og tenkja stort og nytt. Samstundes er det ei sterkt bevisstheit rundt historisk kulturarv, kulturmiljø og tradisjonar. Denne samankopplinga skapar eit solid grunnlag for levedyktigheit og utvikling. Voss har eit omdømme som balansere det gamle og det nye, det tradisjonelle og det moderne.

Vossevangen er ein motor i utviklinga av Voss og det er sterkt stadtidentitet i grendene. På Voss finn du vossingar, strendigar, vassvøringar, gravensarar og raundøler. Dei ulike lokalsamfunna har sine identitetar, sær preg og samlingspunkt. Voss herad anerkjenner grendene sine særeigne stadtidentitetar. Voss ein stad med tilflytting. Det er eit mål i kulturmiljøpolitikken vår at den skal vera mangfaldig og inkluderande. Vossingane sin kulturarv må ikkje bli så «sterk» at den ekskluderer den arven nye vossingar har med seg.

Klimaendringane med eit våtare og villare klima trugar kulturmiljøet, landskap, natur og infrastruktur. Gamle bygningar slit i det fuktige klima og mange rotnar på rot og vatn vaskar med seg kulturlandskap og kulturmiljø. Det er viktig å planleggja på ein slik måte at me tek omsyn til desse utfordringane også i kulturmiljøarbeidet. Det er levande handverkstradisjonar på Voss knytt til tradisjonshandverk både på Voss folkemuseum, Ole Bull akademiet, Vestnorsk kulturakademi og i private handverksbedrifter. Dette er viktige grunnlag for å kunna forvalta kulturmiljøet på ein god måte.



Foto: Elisabeth Emmerhoff




Utvalde satsingar

Nr	Tiltak	Omtale
1	Kulturmiljøplan	<p>I 2022 vart det vedteke ein ny og ambisiøs kulturmiljøplan for det nye heradet etter ein lang og grundig prosess. Voss herad sine mål med kulturmiljøpolitikken er:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Gjennom samarbeid med eigarane, sikra verfulle kulturminne, kulturmiljø og landskap for framtida.1. Sjå kulturminne, kulturmiljø og landskap som ein ressurs i ei berekraftig samfunnsutvikling.2. Auka medvitet blant innbyggjarar og særleg barn og unge, om kulturmiljø som identitetsskapar og grunnlag for opplevingar og bulyst.3. Vern gjennom bruk er eit førande prinsipp som skal sikrast gjennom engasjement for kulturmiljøet.4. Kulturmiljøet skal inngå i reiselivet og anna næringsverksemd på ein gjensidig respektfull måte.5. Styrka kompetansen til å kunna ta vare på kulturmiljø i eit klima i endring 
2	Kommunal stillingsressurs	Voss har per 1. februar 2025 ein 60% stillingsressurs for feltet kulturmiljø. Kulturmiljøkonsulenten hjelper folk med å skriva søknadar til ulike støtteinstansar, skriv uttalar til huseigarar og byggesaksavdelinga, skriv søknadar for kommunale restaureringsprosjekt og er sakshandsamar på den kommunale tilskotsordninga for restaurering av kulturminne og forsamlingshus.
3	Samarbeid med bygningsvernkonsulent	Våren 2023 vart det oppretta ei ny bygningsvernkonsulentstilling med arbeidsområde Voss og omegn. Bygningsvernkonsulenten er eit samarbeid mellom Voss herad og Vestland fylke og er ein svært viktig ressurs for kulturmiljørarbeidet i heradet. I samarbeid med heradet er det arrangert ei kursrekke på Voss folkemuseum på Mølster, med tittelen "Hjelp, eg eig eit gamalt hus (på Voss)". Kursa omhandla ulike tema som støtteordningar, søknadsskriving, vedlikehald ein kan gjera sjølv, giftstoff ein skal vera obs på i gamle bygg, materialbruk og overflatebehandling med meir. Kurskveldane vart godt besøkt, og (dei frivillige) kaffislabberasa etterpå utvikla seg til eit godt samtaleforum for dei frammøtte huseigarar og dugnadslag. Samarbeidet har òg resultert i eit føredrag om bygdesaga i fortid og notid, og eit om vestlandsloftet.



4	Lys i gamle hus	<p>Fortidsminneforeningen starta i 2022 opp eit treårig pilotprosjekt med fem kommunar over heile landet for å prøva ut ulike måtar å ta i bruk gammal bygningsmasse på bygdene. Prosjektet jobbar for:</p> <ul style="list-style-type: none">❖ revitalisering av tomme og forfalne bygningar.❖ utvikling av strategiar❖ kartlegging❖ formidling - skapa medvit om berekraftig arkitektur og verdien av ombruk❖ samarbeid med fleire aktørar❖ etter kvart: engasjera frivillige (så smått byrja) <p>Voss er ein av pilotkommunane og prosjektet har vore viktig for å sette fokus på kultur- og klimaverdien av den gamle bygningsmassen.</p>
5	Voss kunst og Kultur – Kulturarvfestivalen i Indre Vestland	I høve Kulturminnedagane vert det på Voss og omegn arrangert noko som etter kvart har fått tittelen Kulturarvfestivalen for indre Vestland., Denne festivalen pågår i ein månad, og femnar om stadig fleire herad i indre Vestland. I 2024 var det difor ei rekke små og store arrangement i Vaksdal, Voss, Vik, Aurland og Lærdal.
6	Kulturminnedagsprisen 2023	I 2023 vart Voss kunst og kultur - eldsjelane bak Kulturarvfestivalen for indre Vestland - heidra med Kulturvernforbundet sin nasjonale Kulturminnedagspris.





7	Åleg kulturmiljøseminar	Voss herad arrangerer kvart år eit dagsseminar om kulturmiljøvern. Seminaret tek for seg tema som ligg opp mot årets kulturminnedagstema, og inviterer inn nasjonale og regionale føredragshaldarar i tillegg til lokale inntektsmønster. Dagen har ofte vore arrangert på Voss folkemuseum på Mølster, men vart i 2024 flytta til Stalheim hotell og utforma som eit vandrarseminar i den nyrestaurerte Stalheimskleiva.
8	Museum  Utsyn mot Voss →	Voss folkemuseum er del av regionmuseet Hardanger og Voss museum. Voss folkemuseet er lokalisert ved den store garden Mølster som vart freda i 1917. Museet opna ny basisutstilling Utsyn mot Voss i 2023 som på ein vakkert måte viser linjene frå jordbruksbygda i 1917 til Ekstremsportbygda. Voss herad forvaltar Granvin bygdemuseum som vert drive i samarbeid med Venelaget og Hardanger og Voss museum.
9	Fjordlandskapet verdsarv	Voss herad er med i Verdsarvområdet Vestnorske fjordlandskap via Nærøydalen.
10	Tradisjonsmusikken i kulturskulen og distriktsmusikkar i folkemusikk	Distriktsmusikkarane innan folkemusikk spelar ei sentral rolle i å ivareta og vidareføra den rike folkemusikkarven på Voss og i Hardangerregionen. Gjennom konserter, undervisning og samarbeid med lokale lag og organisasjoner, sikrar dei at tradisjonane vert haldne levande og tilgjengelege for nye generasjoner. Dei bidreg til formidling av både musikk og dans, og deira tilknyting til lokale miljø og festivalar gjer at folkemusikken får ei naturleg forankring i det moderne kulturlivet. Distriktsmusikkarane er viktige kulturberarar som skapar engasjement og stoltheit rundt den lokale kulturarven, og som sikrar at den står sterkt i dag og i framtida.



11	Hardingfela.no og Ole Bull akademiet	Folkemusikken står sterkt i vår region. Dette har historiske røter, men er også knytt til mykje arbeid for å utvikla og fremja folkemusikken. Osafestivalen er allereie nemnt. Me har også eit høgskuletilbod i folkemusikk og landets einaste utdanning i hardingfelemaking ved Ole Bull akademiet. Knytt til Ole Bull akademiet finnes Heim - Hardingfela.no som har som føremål å drive formidling og opplæring av folkemusikk og dans i heile Vestland.
12	Bygdeboknemnd	Voss bygdeboknemnd er ei kommunal nemnd som har i oppdrag å gje ut gards- og ættesoge for Voss. Det er gjeve ut fire bøker og tre nye står for tur.
13	Folkeverkstad	For dei kreative har biblioteket eit nytt tilbod «Folkeverkstad». Her er det diverse utstyr som symaskiner og utstyr slik at ein kan reparera eigne kle. Målet er å fremja læring, skaparglede og samarbeid, og å styrkja biblioteket som ein sosial møteplass i lokalsamfunnet.

6. Kultur som ytringar

Dei siste åra er demokrati rundt om i verda sett under press gjennom polarisering, mistru til styremakter og media, og alternative verdsbilete vert skapt. Ei demokratisk styreform er ikkje noko me kan ta for gitt. Strøymingar i samfunnet kan bidra til ei ikkje ynskt utvikling. Me har alle eit ansvar for å hegna om, styrkja og utvikla vårt eige samfunn og vår ytringskultur. Ein fri og uavhengig kultursektor har stort potensial til å ta ei slik rolle. Gjennom kunsten vert me utfordra til å sjå verda på nye måtar og me vert trena til å ta inn nye perspektiv og forståingar. Dette skapar toleranse og bygger bruver mellom ulike kulturar, folk og verdsbilete.

Kulturlivet og sivilsamfunnet er føresetnader for danning og ei opplyst offentlegheit, og dermed ei investering i demokratiet. Kulturen skal vere fri, med personleg engasjement og frivilligheit som grunnlag (Meld. St. 8 (1018-19)).



Voss er ein del av det store biletet og tek ansvar for sin del av dette store demokratiske prosjektet. Voss har fleire arenaer for ytringskultur. Den viktigaste er Voss bibliotek. Biblioteka har ei heilt spesifikk rolle som arena for kritisk refleksjon og debatt. Ved å tilby gratis tilgang til kunnskap og informasjon, legg biblioteka til rette for deltaking i samfunnsdebatten og politisk engasjement. I ei tid med stadig meir kompleks informasjon og digitale utfordringar, spelar biblioteka ei avgjerande rolle i å sikra at alle har lik tilgang til påliteleg kunnskap, kan uttrykke sine meininger, og delta aktivt i det demokratiske samfunnet.

Kunstfeltet i brei forstand er ytringar som byggjer refleksjon og forståing i eit positivt ueinighetsfellesskap. For å leggja til rette for og sikra arena for kunstformidling samarbeidar heradet med Voss kunstlag, med gratis galleri for utstillingane sine i Kulturhuset.

Andre særlege verksemder som er viktig i den offentlege samfunnsbygginga er musea.

Musea er sentrale aktørar i den grunnleggjande infrastrukturen for demokrati og frie ytringar (...). Regjeringa meiner at det også framover er dette som først og fremst legitimerer at det offentlege engasjerer seg for museumssektoren. I dette er det særleg viktig å sikra mangfold og representativitet (Meld. St 23 (2020-2021)).

Voss har høgskuletilbod innan kultur. Ole Bull akademiet er ein solid og anerkjend institusjon for utdanning av utøvande tradisjonsmusikarar og felemakarar. Vestnorsk kulturakademi har tilbod om utdanning på fleire utøvande praktiske fag mellom anna innan lafting og tekstil.

Utvalde satsingar

Nr	Tiltak	Omtale
1	Voss bibliotek	Voss bibliotek ligg fint til i Voss kulturhus. Huset opna i januar 2011 og ligg ved Vangsvatnet. Dei store vindauge i biblioteket viser brukarane av biblioteket utsikta mot Prestegardsmoen og Gråsida. Her er det fint å gå mellom reolane og finna skattar frå hyllene, setja seg ned og nyta utsikta eller delta på eit arrangement enten det er songstund eller ein bokprat. For dei som ynskjer ro har biblioteket studierom og lesesal.



2	Arrangement i biblioteket	Arrangementa i biblioteket er gratis og ope for alle. Eit eksempel er Problem under debatt (støtta av kulturrådet) som vart arrangert i 2024. Her var fokus på samfunnsutfordringar i litteraturen. I møter med forfattarar som Olaug Nilssen, Leander Djønne og Brynjulf Jung Tjønn fekk ein spanande innfallsvinklar til korleis litteraturen tek for seg forskjellige samfunnsutfordringar, og korleis samfunnsutfordringar set sitt preg på litteraturen.
3	Vossadebatt, og innbyggjarmedverknad i kommuneplan	Biblioteket har ansvar for å vera «arena for offentleg samtale og debatt». Det er ynskjeleg at biblioteket skal vera ein naturleg debattarena for innbyggjarane på Voss, der ein kan ta opp emne som interesserer vossingane. Vossadebatt (støtta av Fritt ord) har mellom anna arrangert debatten "Vangen, død eller levande". Voss herad arbeider med ny kommuneplan. Som del av innbyggjamedverknaden er biblioteket kopla på og vil i løpet av 2025 ha minimum 3 debattar. Tema for debattane er m.a. turisme og sykkel på Voss.
4	<i>Di meinig tel</i>	Ungdomsavdelinga arrangerer årleg dialogkafé der ungdom får koma med si mening og vera med å påverka arbeidet i avdelinga og planarbeidet i heradet. Dette har ført til nye tiltak og tilbod, og gjeve nytig kunnskap om kva som bør prioriterast framover.
5	Kulturbanken – sjølvbetjent kulturhus	Voss bibliotek har ein avdeling i bygda Granvin. Avdelinga ligg fint til i dei tidlegare lokala til Hardingbanken og har difor fått namnet Kulturbanken. Kulturbanken er godt besøkt og er ein viktig møteplass for bygda sine innbyggjarar og frivilliglagsliv. Kulturbanken har «meirope», ei løysing som gjer det mogeleg å låsa seg inn og nytta i biblioteket utanfor bemanna opningstid.
6	Voss ungdomsråd	Voss ungdomsråd har representantar frå alle ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane i heradet og representantar frå frivillige lag og organisasjonar. Rådet får saker frå administrasjonen i heradet og vel sjølv kva saker dei ynskjer å komma med innspel til, ut frå kva dei sjølve vurderer som relevant og viktig. Ungdomsrådet kan også koma med forslag til saker sjølv. Etter innspel frå ungdomsrådet har politikarane løyva 600.000,- årleg til prosjekt «Sommarjobb». Dette er eit jobbtilbod i kommunale avdelingar til ungdom 16-18. Dette har vist seg å vera eit viktig tiltak for å gi ungdom ein inngang til arbeidslivet og meiningsfulle oppgåver.



7	Kapellankåken	Kapellankåken var i over hundre år bustad til residerande kappelan i Voss prestegjeld. Etter at huset hadde stått tomt og forfalt ei tid kjøpte lokale kulturinteressantar eigedomen for å bevara og vidareutvikla den som ei kulturscene. Huset vert no drive som eit ideelt selskap. «Kåken» er ein stad for folkeopplysning, kultur og fellesskap, med arrangement som föredrag, kurs, konserter og festival. Litteraturfestivalen <i>Langs linjo</i> vert arrangert i Kapellankåken og har fått namnet sitt frå plasseringa til huset, nær Bergensbanen.
8	Kulturkonferanse	For fjerde år på rad er Voss herad delarrangør av ein Nasjonal kulturkonferanse. Konferansen vert arrangert av Vossa Jazz i forkant av festivalen. Andre medarrangørar er Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangører og Creo. Konferansen set fokus på kulturpolitiske tema og sentrale kulturpolitikarar har delteke kvart år. Kulturminister Lubna Jaffrey har stadfesta at ho kjem til Voss under kulturkonferansen 2025 som har fått tittelen «Kulturskred - Korleis kutte årsverk i enkeltmannsføretaket?»

7. Frivilligheita og lagslivet

Voss er ei kulturbygd med eit variert og godt lagsliv, og det går gjetord om arrangørbygda Voss langt utover heradet sine grenser. Utan dugnadsinnsatsen hadde bygda garantert vore mindre mangfaldig, spenstig og skapande. Voss som dugnadsbygd har lange tradisjonar, stor kapasitet og opererer på nesten alle samfunnsmiljø. Dei mange frivillige laga har stort engasjement og kompetanse som bidreg til eit variert aktivitetstilbod, året rundt. Dette hadde ikkje vore mogleg utan alle dei som brukar fritida si på uløna arbeid for andre; dei frivillige. Det skal opplevast meiningsfullt å driva frivillig arbeid og då må samspelet med heradet vera enkelt, gjennomsiktig og oversikteleg. Voss herad skal stimulera til auka frivillig engasjement og aktivitet. I eit godt samspel kan me skapa, utfordra og utvikla bygda for framtida. Det gjev mening å gjera noko for andre. Saman skapar me ei betre bygd. Ingen kan gjera alt, men alle kan gjera noko.



Utvalde tiltak

Nr	Tiltak	Omtale
1	Frivilligpolitikk	 <p>Voss herad vedtok i 2024 eigen frivilligpolitikk. Målet med politikken er at det skal opplevast meiningsfullt å driva frivillig arbeid. Frivilligpolitikken 2024-2036 har fire strategiske satsingsområde som er fastlagt med utgangspunkt i dagens utfordringsbilete og i samarbeid med lagslivet. Kvart satsingsområde er utformet med mål og tiltak. Saman med handlingsplan skal Frivilligpolitikken bidra til at me i fellesskap styrkar samskapinga slik at me får eit raust og inkluderande samfunn. Satsingsområda er samspel, ressursar, møteplassar og frivillig i framtida.</p>
2	Gratis lokalar for frivillig lag og organisasjonar	Vestland fylkeskommune starta i 2022/2023 ei prøveordning ved Voss gymnas der idrettsfasilitetane ved skulen vart lånt ut gratis. Voss herad var med i prosjektgruppa og utvida ordninga til også å gjelda kommunale bygg for frivillige lag- og organisasjonar som har faste organiserte fritidsaktivitetar til barn og unge. Ordninga har no vore i drift i eitt år og skal evaluerast og politisk handsamast på nytt i desember 2025.
3	Voss Frivilligsentral	Voss Frivilligsentral er ei foreining som er finansiert med årlege tilskot frå Kulturdepartementet og Voss herad. Det er eit tett og nært samarbeid mellom Frivilligsentralen og Voss herad, saman har me føremål om å: <ul style="list-style-type: none">❖ skapa eit godt frivilligmiljø og leggja til rette for gode aktivitetstilbod for innbyggjarane, som eit tillegg til dei kommunale tenestene.❖ leggja til rette for lokale møteplassar som knyt enkeltmenneske og frivillige saman❖ jobba for å få med fleire frivillige og leggja til rette for samhandling mellom lag og foreiningar❖ hjelpe frivilligheita med kompetanseutvikling, råd og skapa engasjement
4	Kommunal Frivilligkoordinator	Voss herad har tilsett frivilligkoordinator som samarbeider med ulike aktørar for å sikra dialog mellom kommunen og frivilligheita. Frivilligkoordinatoren er kommunen sitt kontaktledd ut mot frivillige organisasjonar.



5	Frivilligdag	Frivilligdagen starta som ein del av kommunen si markering av Frivilligåret 2022, den er no eit årleg arrangement i september. Dette er ein dag der frivillige lag og organisasjonar får vist fram seg og aktivitetane sine for kvarandre og innbyggjarane på Voss. Arrangementet er eit samarbeidsprosjekt mellom Voss Frivilligsentral, Voss sentrum og Voss herad.
6	Frivilligpris	Voss herad og Voss Frivilligsentral samarbeider om Voss herad sin frivilligpris. Denne har ikkje vore delt ut dei seinare åra, men skal no blåsast liv i att og er planlagt utdelt i samband med Frivilligdagen 2025. I tillegg deler banken ut eldsjelpris og Voss idrottsråd heiderspris.
7	Frivilligforum	Voss herad har i 2024 etablert Frivilligforum for å ha eit møtepunkt mellom dei koordinerande råda for frivilligheita og heradet to gonger årleg. Her sit kulturrådet, idrettsrådet og frivilligsentralen, samstundes som kommunalsjef for kultur og fritid, ordførar, frivilligkoordinator og rådgjevar for idrett deltek på møta. Målet er å koordinera den frivillige innsatsen i heradet.
8	Tilskot til kulturføremål	Voss herad har fire ulike støtteordningar der midlane skal gå til utvikling av kulturlivet i Voss herad. Lag, foreiningar og organisasjonar kan søkja om støtte. Det vert gjeve tilskot til drift, arrangement, kulturprosjekt, kulturminne og forsamlingshus. I tillegg til dei faste driftsmidlane som nokre av arrangørane får, deler me ut 1 million kroner årleg til kulturføremål.
9	Grendautval	Då Voss herad vart etablert i 2020 (etter samanslåing mellom Voss og Granvin) vart det etablert Grendautval i grendene for å skape bulyst og aktivitet utanfor sentrum. Grendautvala har ingen fast struktur, men vert etablert slik dei fungerer best i dei ulike grendene. Grendautval - Voss herad



8. Idrett og friluftsliv

Voss er ein kultur- og idrettskommune. Ekstremsporten set Voss på det internasjonale kartet, men den klassiske skibygda har lange historiske røter og vossingane tar framleis medaljar i det internasjonale skisporet og i skisportar utan spor. Voss markerer seg også på andre idrettsområde. Voss Cup er ein av landets største fotballcupar for born med om lag 675 påmelde lag. I Strategisk næringsplan er ei målsetjing om at *“Kulturbygda, idrettsbygda, skibygda, festivalbygda og Ekstremsportbygda Voss skal vidareførast, styrka merkevara Voss og skape bu-lyst”*.

Vossingane er jamt over bevisst sin kulturelle kapital, og den store bevisstheita rundt kulturen si rolle på Voss pregar ikkje berre kulturlivet. Når næringslivet vert utfordra på kva som er viktig for rekruttering til næringslivet i bygda, er det gjennomgåande at dei peikar på kultur og idrett. Den meirverdien dette skapar er viktig i eit tid med sterkt konkurranse om arbeidskrafta (Voss i Vekst).

Aktiviteten i idrettslag på Voss er stor, og aktiviteten relatert til talet på innbyggjarar plasserer Voss i toppen av kommunar når det gjeld idrettsaktivitet. Samstundes er det frivillige lagslivet sterkt involvert i anleggsutviklinga i heradet. Til dømes har samarbeid med Foreininga Voss aktivitetspark ført til realiseringa av ein aktivitetspark i sentrum til glede for alle innbyggjarane og tilreisande.

Utvalde satsinger

Nr	Objekt	Omtale
1	Voss cup	Voss cup samlar årleg omlag 7000 fotballspelarar i alderen 7-12 år til ei turnering i juni. Omlag 1000 frivillige er med på å laga ein fotballfest for både born og vaksne. Voss herad legg til rette med utlån av areal og overnatting, i tillegg til ei økonomisk støtte.
2	Ekstremsportveko	Ekstremsportveko vart etablert i 1998 og har sidan den gong utvikla seg til å vera verdas største ekstremsportfestival. Festivalen er kjent langt utanfor Noreg og kombinerer konkurransar innanfor ekstremsport med musikk og film.



2	Skibygda	Voss herad er ei skibygda med både utøvarar og anlegg på høgt nivå. Voss har satsa på anlegg for å tiltrekka seg større konkurransar, og har arrangert både World cup (alpint/freestyle) og NM (ski, skiskyting).
3	Medaljebygda	Med sine 99 medaljar i VM og OL i vinteridrett har Voss markert seg som ei bygd med store idrettsutøvarar. Voss set pris på medaljevinnarane sine, og det er planlagt ei heidring av desse gjennom element i Voss sentrum.
4	Nasjonale og internasjonale meisterskap	Voss herad er ei arrangørbygd. Dette gjeld frå små til store nasjonale arrangement. Dei siste åra har det vore arrangert Landsskyttarstemne (to gonger), EM i luftsport, NM-veka med randonée, telemark og snørugby, NM på ski, NM i skiskyting. I tillegg har det vore arrangert juniorarrangement og World cup i ulike greiner. Dugnadsinnsatsen for å få gjennomført slike arrangement er stor, og kompetanseoverføring mellom arrangementa er viktig.
5	Besøksstrategi	Voss herad har vedteke å utvikla ein strategi for besøksforvaltning. Voss har ein storslagen natur og denne skal me ta vare på. Naturen som omgjev oss er ein viktig del av identiteten vår og samstundes noko av det som gjer oss attraktive både som bu- og arbeidsplass – og som stad å besøkja. Å ta vare på naturen er også avgjерande for å stoppa tapet av artsmangfold og bremsa global oppvarming. Det er tidlegare utvikla ein sti- og løypeplan for heradet, og det er ein eigen besøksstrategi for verneområdet i Nærøyfjordområdet. Nye besøksstrategiar knytt til sentrale reisemål er under utarbeiding.
6	Anleggsutvikling	Dei seinare åra har berekraft vore prioritert i mykje større grad i anleggsutviklinga til Voss herad. Som resultat av dette er det bygd ein ny basketballhall der treverk er nytta i mykje større grad enn først tenkt. Samstundes er det bygd ein aktivitetspark der arealet er tilpassa naturen og ikkje omvendt. Parken tek innover seg korleis naturkretene verkar inn på anlegget, og legg seg fint til i eit område prega av gras, skog og vatn.
7	Vossabadet	Vossabadet stod ferdig i 2018 og er eit symjeanlegg beståande av konkurransebasseng, eit stupebasseng og eit opplæringsbasseng. Vossabadet kom på plass etter stort frivillig engasjement der ei aksjonsgruppe



		frå Voss idrottslag var delaktige i oppstart og søknadsskriving. Det vart samla inn over 10 millionar kroner til anlegget.
8	Aktivitetsparken	Aktivitetsparken på Voss er nesten ferdigstilt. Planlegginga av parken starta som eit samarbeid mellom frivillige og kommunen i 2012. Dei frivillige har søkt midlar og vore med i planlegginga heile vegen, medan heradet har stått som utbyggjar. Resultatet er ein park med treningspark, leikepark, rulleanlegg, amfi, badebrygge bocciabane og sandvolleyballbanar. Anlegget er i sin heilskap tileigna uorganisert aktivitet og eit stort tillegg til den organiserte aktiviteten i området. Parken har fått nasjonal merksemd og rulleparken vart i 2023 tildelt Landskapsarkitekturprisen .

9. Kulturframtida på Voss

Distriktskommunane sin utfordring

Befolkningsstatistikkane for distriktsnoreg er kjend; folketalet går ned og det vert fleire eldre og færre unge i arbeidsfør alder. I 2020 kom det ei utgreiing om status i distriktsnoreg og dei demografiutfordringane me står ovanfor (NOU 2020:15 – Det handler om Norge). Demografiutvalet gjev kommunane i sentralitetsindeksen 4-6 ein ny diagnose (Voss er i 4). Det er ikkje lenger slik at hovudutfordringa for desse kommunane er manglande arbeidsplassar og at ungdommen flyttar til urbane strøk. I dag er det ikkje nok folk til å dekkja arbeidsplassane som allereie finns i distrikta. Medisinen er altså ikkje lenger fleire arbeidsplassar, men eit breitt spekter av distriktpolitiske tiltak som kan oppsummerast i at det må bli meir attraktivt å flytte til og bu i distrikta. Målet må altså vera å skapa gode samfunn der folk ynskjer å bu.

Utvalget mener helt klart at ambisjonen for distriktpolitikken framover bør være å videreutvikle sær preg og forskjeller mellom storby og småsamfunn og småsamfunnene imellom. Dette innebærer at distriktene ikke skal bli noen kopi av storbyene, men at bostedsvalg heller blir et valg mellom ulike typer tilværelser. Det er det gode samfunnet som settes som målet for utviklingen, ikke vekst i seg sjølv (NOU 2020:15).



I eit slikt scenario vil Voss herad føra ein kulturpolitikk som skapar gode lokalsamfunn. Me vil lyfta fram og dyrka det me er gode på og ha fokus på vårt eige særpreg. Me må dyrka kultur-, idrett-, friluftslivsressursane våre samtidig som me må gjera bygda vår attraktiv. Fleire av planane til Voss herad trekkjer i denne retninga. Kommuneplanen sin samfunnsdel, Strategisk næringsplan og Voss i Vekst peikar på at kultur og fritid er del av løysinga for ei ynskt samfunnsutvikling på Voss.

Kultur, klima og berekraft

FN sitt berekraftsarbeid er skissert i 17 overordna mål og 169 delmål. Måla er relatert til dei tre dimensjonane økonomisk, sosial og miljømessig berekraft. Det er argumentert for at kultur burde vera ein eigen dimensjon i målbiletet, og at det burde vera eit eige mål knytt til kultur. FN har argumentert mot dette ved å seia at kultur er del av og påverkar berekraftsdimensjonane (Zheng et.al 2021).

Kulturforvaltinga må vera aktiv pådrivar av berekraftsløysingar gjennom alle dei tre berekraftdimensjonane:

- Miljømessig: kulturlivet må drive berekraftig innhaldsproduksjon og formidling, og haldningsskapande arbeid.
- Økonomisk: det må leggjast til rette for at kunstnarar kan leva av kunsten, sirkulærøkonomien i kulturmiljøet vert lyfta fram, og at nærings- og reiseliv nyttar kultur i sine produkt.
- Sosial: kultur skapar sosiale arenaer, fellesskap og inkludering på tvers av sosiale skiljelinjer.

Å finne klimaløysingar og nye mønster for konsum er sjølv sagt viktig, men det er vanskeleg å lykkast med ei omstilling dersom ikkje kjenslene og relasjonane våre er kopla på. Eksponering for og deltaking i kunst- og kultur fremjar slike koplinger. Kultur bidreg både til kreative løysingar på korleis vi kan gjere ting og bringer oss også nærmare ei erkjenning av kvifor det er viktig (Solveig Korum, Kulturtanken [Kulturell bærekraft - Kulturtanken](#))

I Temaplan Kulturkraft viser vi korleis kultur er ein del av klimaløysinga. Kultursektoren er sitt ansvar bevisst på å fremja berekraftig forvalting, samfunnsutvikling og tenesteyting. Kvart år arrangerer me Grøn november med mange ulike arrangement. Me skal halde kurs for kulturlivet i Grønt vegkart og me har fokus på kunnskap- og offentleg debatt i biblioteket og kulturmiljøforvaltinga sitt bidrag til sirkulærøkonomien.



Kunsten og kulturens eigenverdi

Voss har eit breitt og godt kulturliv. Me treng likevel eit kreativt kunstliv som utviklar seg på eigne premiss. Voss herad vil halda fram med å leggja til rette for utvikling av rekruttering til kunstfeltet gjennom kulturskulen og samarbeid med andre opplæringsinstitusjonar. I tillegg vil me arbeida for å byggja ut arenaer for utøving og formidling av kunst og kultur. Samarbeid rundt verkstadskollektivet på den gamle Kunsthåndverksskulen til kunstnaren Magnus Dagestad *Kunsten* og utvikling av eit Bergslien kunstmuseum er del av dette.

Gjennom dei framtidige planane for kulturbygg og tiltak som inkluderer nye målgrupper, legg Voss herad opp til å vidareutvikla kulturen som ein berekraftig samfunnsressurs. Med oppgraderinga av Gamlekinoen og vidareutvikling av kulturhuset sikrar ein arenaer som kan møta både dagens og framtidas behov for kulturopplevingar. I tillegg til å styrkja festivalar som Vossa Jazz og Osafestivalen, ynskjer heradet å støtta mindre arrangement og nye initiativ. Summen av tiltaka viser korleis Voss herad set kulturen i sentrum for samfunnsbyggjing, identitet og trivsel.

Deltakar og tilskodar – kulturen som samfunnsberedskap

Ein av dei store samfunnsflokane i dag er knytt til utanforskaps. Dette er eit problematisk omgrep, men i mangel av eit omgrep som dekkjer dette store feltet nyttar me det likevel. Opplevd utanforskaps er knytt til alle aldersgrupper og alle sosiale lag. Utanforskaps kan blant anna skuldast sjukdom, arbeidsløyse, skulevegring, økonomi, sosiale- og kulturelle tilhøve. Dei personlege og samfunnsmessige konsekvensane av å hamna på sida av dei sosiale fellesskapa er store. På Voss er utanforskaps stor men usynleg. Problematikken er mogleg å løysa og kulturlivet har dei beste føresetnadene for å sikra inkluderande møteplassar der folk kan vera både deltakarar og tilskodar. Deltaking sikrar personleg utvikling, me bryt ned ekkokammer og utviklar demokrati og eit raust offentleg rom. I dette perspektivet er kulturen del av beredskaps mot ekstremisme og polarisering, og vert ein garantist for demokratiet. På Voss er me merksame på rolla kultur har fått i Totalberedskapsmeldingen Meld. St 9 (2024-2025) og heradet vil arbeida vidare med å lyfta fram kulturen sin plass i dette perspektivet.

Dag:	kl:	Aktivitet:	Stad:	Arranger:
tysdag 12.	14-17.30	Sykkelverkstad	Bonangergata	Kirkens bymisjon
torsdag 14.	14-17.30	Skisærebrett-smare-verkstad	Bonangergata	Kirkens bymisjon
torsdag 21.	19-21	Fiskekveld. Reperasjon av kle	Ronghusset kafé	Evanger kultur og bedehus
fredag 22.	16-18	Oppring av Folkverkstadalen	Voss bibliotek	Voss bibliotek
laurdag 23.	11-15	Brukmarknad og kafé	Kapelanhåkken	Kapelanhåkken
måndag 25.	17-19	Meiseebolle-verkstad	Gamlekinoen	Borna sitt turlag
tysdag 26.	9-11	Kino: Rev og hare redder skogen	Voss kino	Voss kino
tysdag 26.	15-18	Kurs: Toving av sjøunderlag	Gryto	Gryto
tysdag 26.	18.30-21.30	Inspirasjonskveld for damer	Gamlekinoen	Skogsekskapet i Sogn og fjordane
onsdag 27.	18-20	Natur- og flammkveld: Endelag lys i tunellen?	Gamlekinoen	Voss naturvernlag og Voss elveklubb
torsdag 28.	12-14	The great rock n' roll klimashow	Voss kulturtus	Voss kulturskule
torsdag 28.	19.30	Kino: Wilding	Voss kino	Voss kino
torsdag 28.	17-18	Moteshow med brukte klede	Voss bowling	Fretes og Voss bowling
fredag 29.	19-23	Fiskefredag. Lær å fiske kle	Gamlekinoen	Voss husflidslag og Voss herad
laurdag 30.	10-14	Ferjus-tilspiss	Gamlekinoen	Namlefestivalen
laurdag 30.	11-14	Klesbyttetdag	Voss kulturtus	Natur og ungdom og Voss bibliotek
laurdag 30.	14.30	Kino: Wilding	Voss kino	Voss kino



Voss herad

Voss herad som offentleg tenesteytar når ikkje alle desse ambisjonane aleine. Heradet treng alle samarbeidspartar i det profesjonelle og frivillige kulturlivet. Det er i fellesskap me utviklar eit godt og kreativt kulturliv, gode møteplassar og byggjer strukturar for å sikra deltaking. Det er saman me sikrar at

«Verda er vid, men Voss er vidare»

